




NORSJØ

KAMMERMUSIKKFEST

24. - 29. APRIL 2017



FOTO: TOMANDRÉ SCHUYEN




FOTO: NICOLAJ LUND



FOTO: OLE JØRGEN BRATTLAND




FOTO: JØ



KULTURRÅDET
Arts Council
Norway



TELEMARK
fylkeskommune



DEXTRA



HELSING FRÅ ORDFØRARANE



Det er ei glede å ønskje alle hjerteleg velkomne til regionen vår, til ei festivalveke med flotte opplevingar i eit møte med både etablerte unge talent og kommande stjerner.

Kommunane våre har gjennom mange år samarbeida for å auke kvaliteten på tenestene vi tilbyr innbyggjarane våre. Saman skaper vi profesjonelle fagmiljø, gode tilbud og flotte opplevingar til både fastbuande og tilreisande.

Regionen er ein sterk kulturregion med tradisjonar og levande miljø som gir gode vekstvilkår for unge kunstutøvarar.

Norsjø Kammermusikkfest viser nettopp dette. Vi takkar dei entusiastiske ungdommane som har jobba fram konseptet, eldsjelene som har båret det fram og alle gode krefter som støttar opp.

Festivalen viser evne til faglege utfordringar og stor vilje til samarbeid og frivillig dugnadsinnsats, viktige vilkår for å framstå som ein levande region også kulturelt.

Lukke til med ein ny festival!

Olav Kasland, ordførar i Bø

Mette Haugholt, ordførar i Sauherad

HELSING FRÅ KUNSTNARLEG LEIING




FOTO: HEGE SHRI

Kjære publikum!

Vi er glade og stolte over å kunne presentere programmet til Norsjø kammermusikkfest 2017. Dette er den fjerde festivalen på rad. Årets festival inneheld heile seks offentlege konsertar. Vi er også stolte av å kunne presentere Telemarksgalleriet, Ibsenhuset, Granvin og Villa Lunde som nye konsertarenaer til årets festival. Gullbring og Nes kyrkje er konsertarenaer som har vore med frå starten i 2014.

Festivalprogrammet i år startar måndag, tradisjonen tru, med konsert i ærverdige Nes kyrkje der du kjem tett på festivalartistane i ein variert og stemningsfull konsert.

Dei andre konsertane utover i veka har fått ulike tema som «Naturbilde», «Tidleg musikk møter nyare musikk» og «Virtuos». Programmet

vert til ved at artistane får velje musikk ut fra sitt eige repertoar, og ved at vi kjem med våre ønskje.

Fredag kveld i Ibsenhuset får de høyre ein bukett virtuose verk. Her visar festivalartistane kva for musikalske kvalitetar dei har utvikla etter mange år med hardt arbeid og finpussing på øvingsrommet. For oss er det viktig med eit godt samarbeid med det lokale kulturlivet, og på denne konserten vil du få møte lokale talent gjennom eit samarbeid med Musikklinja på Skien vidaregåande skole. Du vil også få høyre vinnaren av Midgardkonkurransen 2016, Eirin Rognerud.

Festivalen rundar av med ein fengande festkonsert i Gullbring. Takka være det gode samarbeidet med kulturskulane i Sauherad og Bø er vi stolte av å presentere lokale talent. I tillegg får vi høyre verk frå Martin Ødegaard og Franz Schubert. Festivalen vert avslutta med Schumann sin storstilte pianokvintett.

*Med vennleg helsing
Martin, Øyvind og Øystein*

MÅNDAG 24. APRIL

Kl. 19.30, Nes kyrkje. «Møt artistane»

Opningstale v/ Geir Jørgen Bekkevold

Geirr Tveitt (1908-1981)

«Velkomne med æra»

Song: Magnus Dorholt Kjeldal

Klaver: Øyvind Sundsvaen

Henri Vieuxtemps (1820-1881)

«Capriccio» for solo bratsj i c-moll,

Op. 55

Bratsj: Michael Andreas Grolid

Franz Schubert (1797-1828)-

Franz Liszt (1811-1886)

«Ständchen»

Klaver: Josephine Hsieh

Peter Tchaikovsky (1840-1893)

Pezzo Capriccioso Op. 62

Cello: Sandra Lied Haga

Piano: Dorina Komani

Johann Sebastian Bach (1685-1750)

Frå konsert for to fiolinar i d-moll,

BWV 1043,

2. Largo

Fiolin: Christopher Tun Andersen

Fiolin: Emil Huckle-Kleve

Klaver: Dorina Komani

John Dowland (1563-1626)

Come Heavy Sleep

Song: Magnus Dorholt Kjeldal

Gitar: Ole Martin Huser-Olsen

Benjamin Britten (1913-1976)

Nocturnal after John Dowland,

Op. 70

Gitar: Ole Martin Huser-Olsen

Ernö Dohnányi (1877-1960)

Serenade for stryketrio i C-dur,

Op. 10

1. Marcia

2. Romanza

3. Scherzo

4. Tema con variazioni

5. Rondo (finale)

Fiolin: Guro Kleven Hagen

Bratsj: Michael Andreas Grolid

Cello: Sandra Lied Haga



DEN NORSKE KIRKE
Sauherad og Nes sokn



**SAUHERAD
KOMMUNE**

ONSDAG 26. APRIL

Kl. 19.30, Granvin kulturhus, Seljord. «Naturbilde»

Edvard Grieg (1843-1907)

Fiolinsonate nr. 1 i G-dur, Op. 13

1. Allegro vivace
2. Allegretto tranquillo
3. Allegro animato

Fiolin: Emil Huckle-Kleve

Klaver: Øyvind Sundsvalen

Miguel Llobet (1878-1938)

«La rossignol»

Øistein Sommerfeldt (1919-1994)

Gitar solo frå eit norsk landskap

Gitar: Ole Martin Huser-Olsen

Edvard Grieg (1843-1907)

«Sommerfugl» fra Lyriske stykker,

Op. 43

Claude Debussy (1862-1918)

«The Snow is Dancing»

frå Children's Corner, L. 113

Klaver: Dorina Komani

Samuel Barber (1910-1981)

«Dover Beach», Op. 3

Song: Magnus Dorholt Kjeldal

Fiolin: Emil Huckle-Kleve

Fiolin: Christopher Tun Andersen

Bratsj: Michael Andreas Grolid

Cello: Sandra Lied Haga

August Klughardt (1847-1902)

Frå «5 Schilflieder», Op. 28

2. Leidenschaftlich erregt
3. Zart, in ruhiger Bewegung
4. Feurig

Fiolin: Christopher Tun Andersen

Bratsj: Michael Andreas Grolid

Klaver: Dorina Komani

TORSDAG 27. APRIL

KL. 19.30 Telemarksgalleriet, Notodden.

«Tidleg musikk møter nyare musikk»

Klaus Sandvik (1966-)

Strykekvartett «Grinded Attraction»
(2004)

Fiolin: Christopher Tun Andersen

Fiolin: Emil Huckle-Kleve

Bratsj: Michael Andreas Grolid

Cello: Sandra Lied Haga

Johann Sebastian Bach (1685-1750)

Frå Suite nr. 3 i C-dur, BWV 1009,

1. Preludium

Cello: Sandra Lied Haga

Johann Sebastian Bach (1685-1750)

«Preludium, fuge og allegro»,

BWV 998

Gitar: Ole Martin Huser-Olsen

Ludwig van Beethoven (1770-1827)

Strykekvartett nr. 16, Op.135

1. Allegretto

2. Vivace

3. Lento assai, cantante e tranquillo

4. Grave ma non troppo tratto - Allegro

Fiolin: Christopher Tun Andersen

Fiolin: Guro Kleven Hagen

Bratsj: Michael Andreas Grolid

Cello: Sandra Lied Haga



TELEMARK
BEGRAVELSESBYRÅ
NORHEIMS EFTF. AS
JARL OLAV RUGTVEIT



FREDAG 28. APRIL

Kl. 19.30 Ibsenhuset, Skien. «Virtuos»

Dmitrij Sjostakovitsj (1906-1975)

Waltz nr 2.

Pablo de Sarasate (1844-1908)

Carmen fantasi

Solist: *Linus Nord-Varhaug*

Benny Andersson (1946-)

Klinga mina klockor

Trad.

Irish washer woman

Ungdomsorkesteret frå Porsgrunn og

Skien kulturskule: *Dirigent og arrangør,*

Nicolae Bogdan

Elevar frå Skien videregående skole

Gioachino Rossini (1792-1868)

«Una voce poco fa»

Song: *Eirin Rognerud*

Klaver: *Øyvind Sundsvalen*

Frédéric Chopin (1810-1849)

«Scherzo» nr. 1, Op. 20

Klaver: *Dorina Komani*

Ralph Vaughan Williams (1872-1958)

«Moto Perpetuo»

Bratsj: *Michael Andreas Grolid*

Klaver: *Øyvind Sundsvalen*

Heitor Villa-Lobos (1887-1959)

Etyde nr. 11 og 12

Gitar: *Ole Martin Huser-Olsen*

Johannes Brahms (1833-1897)

«Scherzo» frå FAE-sonaten

Fiolin: *Guro Kleven Hagen*

Klaver: *Øyvind Sundsvalen*

Vittorio Monti (1868-1922)

«Czardas»

Fiolin: *Emil Huckle-Kleve*

Klaver: *Øyvind Sundsvalen*

Wolfgang A. Mozart (1756-1791)

«Figaros arie»

Aron Copland (1900-1990)

«I bought me a cat»

Song: *Magnus Dorholt Kjeldal*

Klaver: *Dorina Komani*

Georg Friedrich Händel (1685-1759)-

Johan Halvorsen (1864-1935)

«Passacaglia»

Fiolin: *Christopher Tun Andersen*

Cello: *Sandra Lied Haga*



SKIEN KOMMUNE

LAURDAG 29. APRIL

Kl.13.00 Villa Lunde, Lunde. «Lunsjkonser»

Luigi Boccherini (1743-1805)

Frå Gitarkvintett nr. 4, G. 448,

3. Grave assai

4. Fandango

Gitar: *Ole Martin Huser-Olsen*

Fiolin: *Christopher Tun Andersen*

Fiolin: *Guro Kleven Hagen*

Bratsj: *Michael Andreas Grolid*

Cello: *Sandra Lied Haga*

Astor Piazzolla (1921-1992)

«Le Grand Tango»

Cello: *Sandra Lied Haga*

Klaver: *Josephine Hsieh*

Henrik Ødegaard (1955-)

«Three Michelangelo Sonnets»

Song: *Magnus Dorholt Kjeldal*

Klaver: *Dorina Komani*

Dmitrij Sjostakovitsj (1906-1975)

«5 stykker» for to fiolinar og klaver

1. Prelude

2. Gavotte

3. Elegy

4. Waltz

5. Polka

Fiolin: *Guro kleven Hagen*

Fiolin: *Christopher Tun Andersen*

Klaver: *Josephine Hsieh*

Edvard Grieg (1843-1907)

«Haugtussa», Op. 67

Song: *Magnus Dorholt Kjeldal*

Klaver: *Dorina Komani*

LAURDAG 29. APRIL

Kl. 19.00 Gullbring kulturanlegg, Bø. «Festkonsert»

Paul Peuerl (1570-1625)

«Tre dansesatser»

1. Dantz
2. Ballet
3. Courant

Norsjø Strings

Unge lokale talent

Martin Ødegaard (1983-)

«Wound»

Sang: *Eirin Rognerud*

Bratsj: *Michael Andreas Grolid*

Klaver: *Dorina Komani*

Franz Schubert (1797-1828)

Utvalde Lieder:

Nacht und Träume

Ständchen

Der Erlkönig

Song: *Magnus Dorholt Kjeldal*

Klaver: *Dorina Komani*

Robert Schumann (1810-1856)

Pianokvintett, Op. 44

1. Allegro brillante
2. In modo d'una marcia. Un poco largamente
3. Scherzo: Molto vivace
4. Allegro ma non troppo

Fiolin: Emil Huckle-Kleve

Fiolin: Guro Kleven Hagen

Bratsj: Michael Andreas Grolid

Cello: Sandra Lied Haga

Klaver: Josephine Hsieh



**BØ
KOMMUNE**



Bø kulturnettverk

ARTISTBIOGRAFIER

Fiolin



FOTO: OLE JØRGEN BRATLAND

Guro Kleven Hagen (1994) debuterte i 2011 med Oslo-filharmonien og Jukka Pekka Saraste, og har sidan halde

konserter med fleire av Skandinavias fremste orkester. Innspelingane hennar av Prokofieffs og Bruchs fiolinkonsertar med Oslo-filharmonien og Bjarte Engeset vart plukka ut som «Editor's Choice of the Month» i det internasjonalt anerkjende Gramophone Magazine i august 2014. Guro har samarbeida med fleire av Europas leiande kammermusikkarar. For tida studerer ho ved høgskulen «Hanns Eisler» i Berlin, etter å ha gått på Barratt Due musikk institutt i Oslo under Stephan Barratt-Due og Alf Richard Kraggerud.



FOTO: JIP

Christopher Tun Andersen (1991) starta å spele fiolin som fireåring. Han har studert hjå professor Isaac Schuldman, først

ved Barratt Due musikk institutt og

seinare frå 2010 ved Norges musikkhøgskole. Frå hausten 2014 er Christopher tatt opp til masterstudier hjå Pinchas Zukerman og Patinca Kopec (Pinchas Zukerman Performance Program) ved Manhattan School of Music og NMH hjå prof. Peter Herrestahl.

Christopher er prisvinnar og deltar i fleire internasjonale fiolinkonkurransar og han har blitt invitert til å spele på ulike festivalar i inn og utland. I 2015 opptredde han som solist med Bergens Filharmoniske Orkester i Grieghallen, Moskva Kammerorkester i Moskva Konservatoriet og Minsk Statlige Kammerorkester i Universitetets Aula. I det same året var han solist i Berlin Filharmonien med Berliner Symfoniker, der han framførde Sindings Suite i a-moll. I 2016, under Aftenpostens Nyttårskonsert i Oslo Konserthus spelte han som solist med Kringkastingsorkesteret.

Christopher spelar på ein fiolin som er bygd av G.B. Guadagnini, Milano 1753, utlånt av Anders Sveaas' Almennyttige Fond.



Emil Huckle-Kleve (1989) er fast tilsett i Oslo Filharmonien, ei stilling han fekk mens han studerte på Barratt Due musikkinsti-

tutt med Stephan Barratt Due. Han er og aktiv som solist og kammermusikar, og likar å jobbe med ulike besetningar som duo, pianotrio og strykekvartett. Emil begynte å spele fiolin da han var fire år. Faren hans, Roger Huckle (grunnleggjaren og kunstnarleg leiar av the Bristol Ensemble, UK) var første læraren hans. Etterkvart fullførde han Bachelorgraden med 1st class honours på the Royal Academy of Music, London, da han studerte der med Hu Kun og Remus Azoitei.

På RAM vann han the Mica Comberti Prize for tolkingane sine av Bachs solostykke, og han fekk vere med i meisterklassar med framifrå musikarar som Maxim Vengerov, James Ehnes, Tasmin Little og Alexander Markov. Som solist har han opptredd med til dømes Bristol Ensemble, Stoud Symphony Orchestra, Bristol Metropolitan Orchestra og Oslo Camerata. Emils musikalske interesser begrensar seg ikkje til klassisk musikk, han spelar og i eit fusionband kalla The Unstoppable Jam.

Bratsj



Michael Andreas Grolid (1997) er frå Ås og har spelt fiolin og bratsj sidan han var sju år. Han er for tida student ved Høg-

skolen på Barratt Due musikkinstittut med Peter Herresthal som lærar.

Michael var med i NRK-konkurransen «Virtuos» våren 2016 og vann publikumsprisen. I tillegg til å spele bratsj, komponerer han også musikk og i februar 2014 vart hans Overture for hardingfele og orkester framført av Barratt Due Symfoniorkester i Den Norske Opera & Ballett. Med sin eigenkomponerte bratsjkoncert har han vore solist med Bergen filharmoniske orkester, Trondheim symfoniorkester og Kringkastingsorkesteret (KORK). I oktober 2016 fekk Michael framført bestillingsverket sitt «Fanfare» av Oslo filharmoniske orkester.

Cello




PHOTO: NINGQIALI LUND

Sandra Lied Haga (1994) begynte å spele cello da ho var 3 år. 6 år gamal kom ho, som den yngste nokon gong, inn på Talentskulen

ved Barratt Due musikk institutt, der Tove Sinding-Larsen og Ole Eirik Ree har vore lærarane hennar. Frå ho var 15 har ho vore elev av Truls Mørk.

Ho har alt vore solist med ei rekke profesjonelle orkester i Noreg og Europa, og har vore invitert til prestisjefylte festivalar og konsertar i USA og over heile Europa, m.a. Sommets Musicaux, Aspen Music Festival, Verbier Festival Academy, kor ho vart beden om å halde ein eigen konsert til minne om ofra frå 22. juli, og Festspillene i Bergen, kor ho i år er invitert til å spele kammermusikk med Leif Ove Andsnes.

Ho har ved mange høve spelt solo i radio og på tv, m.a. er ho kjend for tv-publikum frå programmet «Mesterklasse» saman med Truls Mørk.

I 2012 vart ho utnemnt til ambassadør for organisasjonen Playing For A Future.

Sandra har vunne ei rekke 1. prisar i nasjonale og internasjonale konkurransar, med høgst oppnåeleg poengsum. Ho har til dømes vunne 1. pris i Ungdommens Musikkmeisterskap seks gonger og Sparre Olsen-konkurransen. Internasjonalt har ho vunne heile fire 1. prisar. Sandra spelar på ein Michael Stürzenhoffer-cello, utlånt av Dextra Musica.

Gitar



FOTO: TOM-ANDRÉ SCHØYEN

Ole Martin Huser-Olsen

(1986) har mastergrad i utøvande klassisk gitar fra Norges musikkhøgskole, der han også

gjennomførte eksamenskonserten sin og blei lønna med høgaste karakter.

Han har turnert over store delar av Noreg, m.a. ein konsert i heimen til Edvard Grieg, Troidhaugen, i 2005, samt årlege konsertar ved Den Norske Opera frå 2008. Han har også halde konsertar i Los Angeles i 2008, Helsinki, 2010, på det prestisjetunge Pompidou-senteret i Paris i 2011 og 2013, og i Berlin 2014. Han er ofte å høyre som solist, men arbeider også kammermusikalsk med musikarar som til dømes den verdskjende barytonen Knut Skram, Trondheimsolistene, Ensemble Ernst, Ensemble Aksiom og mange av dei andre unge framstormande klassiske musikarane i Noreg.

Med debuten sin som solist med orkester i 2012 har Huser-Olsen bevist at han beherskar og viser eit brennande engasjement for musikkens rike spennvidde, med eit repertoar som strekkjer seg frå renessansen til modernismen og til den aller nyaste samtidsmusikken.

Song



Magnus Dorholt Kjeldal (1989) har vokse opp i Lunde. Frå Lunde gjekk vegen til musikklinja i Skien, Toneheim Folkehøg-

skole og Barratt Due musikk institutt før han i fjor avslutta mastergraden sin i opera ved Operahøgskolen i Oslo. Trass i sin unge alder er Magnus alt ein ettertrakta opera- og konsertsanger.

I 2012 debuterte han i Barberen i Sevilla på Den Norske Opera & Ballett. I 2014 gjorde han m.a. Guglielmo i Cosi fan tutte på samme scene, samt Brahms' Requiem i Universitetets Aula. Denne sesongen debuterte han i tittelrollen i Figaros bryllup i Kristiansund der han hausta gode kritikkar for sitt naturlege og livlege spel.



Eirin Rognerud (1999) er ein ung koloratursopran frå Lommedalen. Ho har sunge i barnekoret i Den Norske Opera & Ballett

sidan 2012, og har gjort ei rekke rollar på operaens mindre og større scenar. I 2016 vann ho den prestisjetunge Midgardsprisen i den nasjonale Midgardskonkurransen for unge musikarar. Ho

var også finalist og 1. prisvinnar i Ungdommens Musikkmeisterskap i januar 2017. Nå studerer ho ved Barratt Due musikk institutt og Edvard Munch vgs., og er spådd ei lysande karriere.

Klaver



Josephine Hsieh

(1987) er fødd i North Carolina USA, og har utdanninga si frå USA og Noreg. I USA studerte ho på

prestisjetunge «College Conservatory of Music» i Cincinnati hjå Eugene Pridonoff og fekk sin bachelorgrad i utøvande piano. Våren 2012 avla ho diplomeksamen etter studier hjå Håvard Gimse ved Norges musikkhøgskole.

Josephine har deltatt i og er prisvinnar i ei rekke konkurransar i USA, Noreg, Sverige, Italia, og Japan. Ho fekk 1.pris i Conoco Phillips stipendkonkurranse.

Ho har spelt for Kong Harald, kronprinsparet, samt vore solist med Tine Thing Helseth og Oslo Symfoniorkester, Thomas Søndergård og Kringkastingsorkesteret i Oslo konserthus, vore solist med Odense Symfoniorkester i Odense konserthus, spelt inn med Den Norske Opera og Ballet og opptrædt på NRK.

Josephine er også ein ettertrakta

kammermusikar og har spelt på Oslo Kammermusikkfestival, Uppsala Kammermusikkfestival og Norsjø Kammermusikkfest.



**Øyvind
Sundsvalen**

(1982) har utdanninga si frå Musikk-konservatoriet i Kristiansand, der han fekk sin bache-

lorgrad som faglærer i klassisk piano under læraren Tellef Juva. Vidare reiste han til Winthrop University i South Carolina og tok ein mastergrad i utøvande piano hjå Dr. Eugene Barban. Våren 2009 fullførde han sin Artist Diploma i utøvande piano på prestisjetunge College Conservatory of Music i Cincinnati Ohio under Elizabeth og Eugene Pridonoff. Same året tok han seg til semifinalen i den internasjonale Griegkonkurransen i Florida.

Han har konsertaktivitet frå Noreg og USA, og har fått rettleing hos pianistar som Liv Glaser, Håvard Gimse, Sigurd Slåttembrekk, Walter Hautzig, Kevin Kenner, Dr. Eugene Barban og Elizabeth Pridonoff. Han jobbar for tida som freelance pianist og er tilsett som lektor ved Hadeland videregående skole.



Dorina Komani
(1989) vart fødd i Tirana, Albania. Som fem-åring starta ho å spele piano under Albanias piano-

stjerne, Lili Tafaj. Sju år gamal held ho sin første konsert, og alt som 11-åring, i år 2000, kom ho på 2. plass i Tiranans EPTA pianokonkurranse.

I august 2007 kom vendepunktet i karrieren hennar, da ho vart med i det norske TUP-programmet på Norges musikkhøyskole, under professorane Leiv Ove Andsnes og Håvard Gimse. Året etter starta ho bachelorstudia sine, nettopp på NMH, samtidig som ho tok ei utdanning i gamle instrument under professor Liv Glaser. Ho starta masterstudiane sine i 2012 under professorane Håvard Gimse og Wolfgang Plagge.

I mai 2013 vann ho Trondheim symfoniorkester sin talentkonkurranse, der ho seinare har hatt framføringar. I 2013 starta ho som distriktsmusikar i Sogn og Fjordane. I juni 2014 og januar 2015 spelte Dorina i ein barnehage-turné med tittelen «Tangenter på tur» i Oslo og Sogn og Fjordane, organisert frå Rikskonsertane. I februar 2015 spelte Dorina to konsertar i Spania med cellisten Paula Cuesta Redondo. Dorina spelar regelmessig i Oslo under festivalen «Opera til Folket» og er ein av dei mest etterspurde pianistane nå for tida.



FOTO: LIV ØYLAND



FOTO: TOMMOD VERMAGEN

SPONSORAR

Vi takkar dei lokale sponsorane våre:

Aune Rør AS

Morgedal Rør

Byggmakker, Seljord Elektriske

Holtskog Nyhuus Design Ans

Sauherad og Nes sokn

Årnes Kafeteria

Epleblomsten AS

Heimebakeriet Anne Underberg

Eventyrmøst, Gvarv

Gvarv Bakeri AS

Sagavoll Folkehøgskole

Evju Bygdetun

Coop Prix, Gvarv

Revisorteam Midt-Telemark AS

Norsjø Arkitekter SA

Optiker Torstein Nyhus AS

Roxy kaffebar AS

Pizzabakeren, Bø

Holtanklinikken AS

BlomsterStemning AS



Gullbringvegen 34, 3800 Bø

www.norsjokammermusikkfest.no
facebook.com/norsjofestival

**Billetter kjøpast på konsert-
stadene 1/2 time før konserten
eller i:**

Gullbring kulturanlegg
www.gullbring.no
tlf. 35 06 03 90

Granvin kulturhus
www.granvinkulturhus.no
tlf. 35 06 59 90

Ibsenhuset
www.ibsenhuset.no
tlf. 35 90 54 90

Bill. 250 kr. eks. avgift
Barn/unge til og med 19 år kjem gratis inn
ved å møte opp til konsertane,
så lenge det er ledige plassar.

Velkommen!